

# Framlegg frå styret til årsmøtet 2018

1. Styret meiner at det vil bli trong for eit ekstra medlem i styret til å ha ansvar for drift og reinhald av klubbhuset.
2. Styret gjer derfor framlegg om endring av paragraf 5 i vedtektene. Framlegget er vist nedanfor. Endringar frå eksisterande vedtekter er merkt med gult.

Eksisterande vedtekter kan lesast på nettsida: <http://holmavika.org/vedtekter.html>

## §5 Styret

1. Holmavika hamnelag vert leia av eit styre på **5** medlemmar.
2. Styret er sett saman av: Leiar, nestleiar, kasserar og to styremedlemmar. I tillegg til styret vert det vald eit varamedlem.
3. Styret vert vald for 2 år av gongen, men slik at to medlemmar står på val kvart år.
4. Leiar vert vald for eit år.

## Styret

1. er vedtaksført når minimum tre av medlemmane er til stades. Ved like stemmer, har leiar dobbeltstemme.
2. kan oppnemne nødvendige underkomitèar.
3. skal stå for drifta av hamneanlegget, sørge for at vedlikehaldet vert utført og sjå til at hamna sine vedtekter vert haldne.
4. fastset dato for årsmøtet og kallar inn til dette.
5. skal sørge for at hamneanlegget til ein kvar tid er forsikra slik at tredjepart og/eller andelseigarar/ båteigarar ikkje vert skadelidne.
6. er ansvarleg for at Holmavika hamnelag vert drifta på ein forsvarleg måte, innanfor dei økonomiske rammene som årsmøtet har vedteke.

**Leiar** skal kalle saman til styremøte minst to gongar i året, og leie desse.

**Nestleiar** tek over leiaransvaret i leiar sitt fråver.

Nestleiar er hamnesjef.

**Hamnesjefen** skal sjå til at bryggjer og fortøyingar er i forsvarleg stand. Han vurderer kva vedlikehaldsarbeid som må gjerast. Større vedlikehald skal leggjast fram for styret.

## Hamnesjefen

1. har øvste mynde på bryggjeanlegget og hamneområdet.
2. er ansvarleg for at det tekniske anlegget i hamna er i orden.
3. eller den han peikar ut, leiar dugnader.

4. skal i samråd med styret setje opp lister over materiell som det måtte vere trong for til vedlikehald og eventuelle utbyggingar.
5. skal stå for nødvendige innkjøp av varer til hamna.

Ved hamnesjefen sitt fråver, skal styremedlemmet vere fungerande hamnesjef.

Avvik frå hamnereglane vert å rapportere til styret.

### **Kasserar**

1. er ansvarleg for laget si kasse.
2. føretekk inn- og utbetalingar, held oversyn over uteståande krav.
3. leverer bilag til rekneskapsfører.
4. utarbeider saman med rekneskapsfører oversyn over Homavika Hamnelag sine aktiva og passiva.

Rekneskapsfører syter for at innbetalingsblankettar for bryggjeavgift vert sendt ut til andelseigarane seinast **15. mars** kvart år.

### **Eit styremedlem**

1. er ansvarlig for slipp og utstyr tilknytte slippområdet.
2. skal stå for nødvendige innkjøp av varer til slippet.
3. vert fungerande hamnesjef dersom hamnesjefen er vekke.
4. Styremedlemmet kan knyte til seg eit slippmannskap på maksimalt 4 medlemmar i tillegg til seg sjølv.
5. Slippmannskapet kan utan kostnad nytte slippet til eigen båt ein gang per år.

### **Eit styremedlem**

1. er ansvarlig for vanleg drift av klubbhuset inklusiv, reinhald, vedlikehald av inventar, opningstider, innkjøp og utleige.
2. Styremedlemmet kan knyte til seg ei nemnd på på maksimalt 2 medlemmar i tillegg til seg sjølv.
3. er ansvarleg for å melde trong for vedlikehald, utbetringar og større innkjøp til styret.